



Hundvin Naturbarnehage AS
Hundvinsvegen 5

5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/634 - 14/7473

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
27.03.2014

Søknad om nye permanente plassar i Hundvin Naturbarnehage

Vedlagt følgjer vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Andre mottakere:

Hundvin Naturbarnehage AS



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/14	Levekårsutvalet	PS	04.03.2014
27/14	Formannskapet	PS	06.03.2014
26/14	Kommunestyret	PS	20.03.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Astrid Namtvedt Sylta	FA - A10	14/634

Søknad om nye permanente plassar i Hundvin Naturbarnehage

Vedlegg:

Vedlegg Hundvin Naturbarnehage AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen rår ikkje til ei permanent utviding frå 37 til 40 plassar i Hundvin Natur barnehage.

Rådmannen får fullmakt til å vidareføre mellombelse plassar i Hundvin Naturbarnehage dersom årets opptak syner trong for det. Mellombelse plassar skal brukast til barn med rett til plass jfr. Lov om barnehage, og gjeld for barnehageåret 2014 / 2015

Levekårsutvalet - 19/14

LE - behandling:

Handsaming i Levekårsutvalet - 04.03.2014:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Vedtak i Levekårsutvalet - 04.03.2014:

Rådmannen rår ikkje til ei permanent utviding frå 37 til 40 plassar i Hundvin Natur barnehage.

Rådmannen får fullmakt til å vidareføre mellombelse plassar i Hundvin Naturbarnehage dersom årets opptak syner trong for det. Mellombelse plassar skal brukast til barn med rett til plass jfr. Lov om barnehage, og gjeld for barnehageåret 2014 / 2015

Formannskapet - 27/14

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Innstilling:

Rådmannen rår ikkje til ei permanent utviding frå 37 til 40 plassar i Hundvin Natur barnehage.

Rådmannen får fullmakt til å vidareføre mellombelse plassar i Hundvin Naturbarnehage dersom årets opptak syner trong for det. Mellombelse plassar skal brukast til barn med rett til plass jfr. Lov om barnehage, og gjeld for barnehageåret 2014 / 2015

Kommunestyret - 26/14

KO - behandling:

Astrid N.Sylta var ugild og deltok ikkje i denne saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Rådmannen rår ikkje til ei permanent utviding frå 37 til 40 plassar i Hundvin Natur barnehage.

Rådmannen får fullmakt til å vidareføre mellombelse plassar i Hundvin Naturbarnehage dersom årets opptak syner trong for det. Mellombelse plassar skal brukast til barn med rett til plass jfr. Lov om barnehage, og gjeld for barnehageåret 2014 / 2015

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i leveårsutvalet
Saka skal til innstilling i Formannskapet
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

I samband med at kommunen hadde trong for fleire barnehageplassar for å kome i hamn med opptaket våren 2013, gjorde formannskapet 18.04.2013 dette vedtaket:
«Rådmannen får fullmakt til å etablere mellombels barnehageplassar i Hundvin og Natås barnehagar. Dersom det er trong for det får rådmannen fullmakt til å godkjenne plassar i Kolås barnehage. Utvidinga gjeld for eit år om gongen og gjeld for borna som har rett til barnehageplass jfr. Lov om barnehage.

Sak om nødvendig investering i Kolås barnehage og auke i driftsbudsjettet vert å leggja fram for formannskapet snarast til orientering.

Rådmannen får fullmakt også til å sjå på andre løysingar.»

På bakgrunn av dette vedtaket fekk Hundvin Naturbarnehage ei mellombels godkjenning til å utvide frå 37 til 40 plassar. Natås barnehage fekk ei mellombels godkjenning til å utvide frå 36 til 45 plassar. I tillegg opna Kolås ei ny avdeling med 24 plassar i det gamle gymbygget ved barneskulen på Lindås. Alle desse endringane gjeld for barnehageåret 2013 / 2014.

I desember 2013 mottok Lindås kommune søknad frå Hundvin Naturbarnehage der dei søker om permanent utviding av tal plassar frå 37 til 40 plassar. Dei grunngjev søknaden med at ei slik utviding er nødvendig for at barnehagen skal kunne drive økonomisk forsvarleg. Hundvin Naturbarnehage peikar og på at dei har tilfredsstillande pedagogtettleik og nok areal for ei slik utviding.

Vurdering:

Lindås kommune oppfyller Lov om barnehage sitt krav om rett på barnehageplass, og har såleis ikkje venteliste til barnehageplass. I november 2011 gjorde kommunestyret vedtak om utviding av Leiknes barnehage med to avdelingar, til saman 48 nye plassar. Når dei nye plassane i Leiknes er på plass, vil det truleg ikkje vere behov for mellombelse løysingar.

Søknadsfristen for hovudopptaket er 1.mars, og det er enno vanskeleg å seie kva det endelege behovet for plassar frå hausten 2014 vil verte. Rådmannen ønskjer å ha dialog med Hundvin Naturbarnehage om vidareføring av mellombelse plassar komande barnehageår dersom det er trong for det.

Regelverket er slik at dei private barnehagane står fritt til å ta inn dei barna dei ønskjer, sjølv om barna ikkje fyller lova sitt krav. Mange barn utan rett til plass i dei private barnehagane førte mellom anna til at Kolås barnehage måtte utvide med ei avdeling for at kommunen skulle kome i hamn med opptaket våren 2013. Hadde berre barn med rett til plass hatt plass frå august 2013, kunne kommune unngått å måtte opne den 3.avdelinga i Kolås.

Det er rett som Hundvin Naturbarnehage skriv at Lindås kommune har opna mellombelse plassar i Kolås barnehage dette barnehageåret. Ved å opprette mellombelse plassar i kommunale barnehagar kan kommunen regulere tal plassar opp og ned etter behov.